


nr. 7 - 2013

PiRion

- kulturavis for barnehagar og skular

Bla
bla...



© Astrid Edhammer Hjeltnesland

HMmm...



????

BOKPRAT

Liva 12 år intervjuar illustratør,
teikneserieskapar og barnebok-
forfattar Øystein Runde

BOKPRAT

Liva 12 år intervjuar illustratør, teikneserieskapar og barnebokforfattar Øystein Runde

Øystein Runde skriv: Eg velger å bruke spørsmåla som tolv-åringen, Liva Rindom Tofte, sende meg, då det er dei beste spørsmåla eg har fått:

...du tegner like bra som EDVARD MUNCH!

...ein av ungane på SFO



I 2011 gav Øystein Runde ut boka Elefanten Tommy på Cappelen Damm, som er ei poetisk forteljing om elefanten Tommy, som lurar på kva som hender når han ikkje er meir.

Øystein Runde (f.1979) er teiknar og grafikar frå Ulsteinvik.

Har du alltid likt å teikne?

Spørsmål frå Liva til skuleavisa:

– **Ja, eg har det.** Av og til, på slutten av arbeidet med ei lang og vanskeleg bok, likar eg det ikkje lenger, men då må eg gjere det likevel, til eg er ferdig. Så tek eg meg ein pause og gjer noko anna. Ein gong, etter Sleggja, var eg så lei at eg berre ville jobbe på SFO. Så ein dag sat eg der med ungane, og fekk eit lite papirark (kopiark som var delt i to for at ungane ikkje skulle sløse med papiret). Så byrja eg å teikne De Fire Store. Det var den teikninga som ligg ved. Eg hadde ikkje teikna figurane sjølv på mange år – det var Geir Moen som illustrerte dei to bøkene om De Fire Store. Men eg likte det. Eg overdreiv figurane sånn som eg berre kunne gjere fordi eg hadde skrive om dei i to bøker. Ibsen vart mindre og meir kompakt. Bjørnson meir stor og svulmande. Kielland tyngre, men også meir elegant. Og Lie, endå meir nevrotisk og utmagra av dårleg samvit. Eg hadde endeleg glede over å teikne igjen, og som ein dessert kom ein av ungane, såg på den og sa «du tegner like bra som EDVARD MUNCH!»

Må du vere god til å teikne for å lage teikneseriar?

– **Det viktigaste er** at EG likar å sjå på teikningane mine. At andre gjer det, er ein bonus, og det hjelper nok på økonomien min, sidan det er andre som må kjøpe bøkene. Men i utgangspunktet er det mi eiga glede som betyr noko. Det med å verte likt av andre har kun med pengar og mat på bordet å gjere.


Kvifor valde du å skrive nynorsk?

– **Eg valde vel ikkje å skrive på nynorsk, eg berre var fødd der eg var fødd.** Men eg likar det, eg synest det er fint. Og eg kan skrive bokmål om eg vil.

Syns du dine egne vitsar er gode?

– **Av og til synest eg vitsane mine er gode,** andre gonger har eg berre ingenting betre. Eg håper alltid at dei skal forandre noko, forandre måten folk tenkjer på om ting. Det er viktigare for meg enn om dei ler. Men om folk

Syns du dine egne vitsar er gode?



ler, er det ofte eit resultat av ei eller anna forandring. Det finst også vitsar som berre bekrefte det folk tenkte frå før. Vitsar som bekrefte fordommar. Det er vonde vitsar. Vitsar som forsterkar murane mellom folk. Det må ein unngå å lage. Sjølv om det kanskje av og til kan vere fristande å seie noko enkelt og fordomsfullt.

Kva er det lurt å starte med når ein skal lage teikneseriar?

– **Det er lurt å starte KORT!** Korte historier som du kan ro i land. Så lærer du både å starte ei historie, å avslutte ei historie, og å fylle det der i midten med artige ting. Spesielt det med å avslutte ting og gi dei frå seg til verda er viktig å lære. Alle har frøet til ein idé i seg, men å gi frå seg eit ferdig tre (eller ei frukt, eller ... kva ein no har fått ut av det frøet) er skummelt ... det er som regel der folk gir seg, sjølv om dei har noko bra.

– Av og til...



© Astrid Eidhammer/Hjelmealand

Liva 12 år intervjuar illustratør, teikneserieskapar og barnebokforfattar Øystein Runde

Kva er det beste og verste med å skrive teikneseriar?

– **Det beste** er at om eg berre lærer meg å teikne godt nok, kan eg vise og skape alt mogleg som eg kan tenkje meg ... og at evna mi til å tenkje meg ting kan trenast opp og verte betre og betre! Det verste er at det berre er meg som sit der, det kan vere litt einsamt. Men difor har eg no lært meg å sleppe inn andre. Både andre folk eg skriv for, folk eg teikner med, og redaktørar som fortel meg kva folk opplever når dei les historiene.

Liva seier:
Bra svar!
Takk!

Oi-oi!

Av Bjørn Sortland og Hilde Kramer
Mangschou 2013



Josè vaknar plutselig midt på natta av mora som verkeleg har det vondt. Mor hans ber Josè vere med til byen, så skal han få ei stor gåve, det han ynskjer seg aller mest her i livet. Men kva er det? Josè og mora går gjennom gatene medan Josè tenkjer på kva gåva kan vere. Det kan ikkje vere noko dei skal kjøpe på butikken, for han er jo stengt, eller? Kan det vere ein ny drage eller sprayboksar med ulike fargar?

Dei går gjennom skumle gater, forbi staden der dei skumle mennene bur, og huset til den galne dama med alle fuglane. Dei går heilt til Josè og mora må setje seg ned på gata og ikkje orkar å gå vidare. Heldigvis får dei hjelp av ei dame som driv kafé. Ho forstår kva som held på å hende, og kjem springande med handklede og varmt vatn. Gåva var nemleg ein liten bror – fødd midt på gata i ein favela i Brasil. Ei gåve som er så stor at ho nesten er blitt skummel.

Historia i biletboka er sterk og gripande. Hilde Kramer klarer å skape eit mørkt univers i gatene i Brasil. Ho skildrar alt det som blir skummelt om natta, men som eigentleg ikkje er det. Det er eit naturleg vendepunkt i boka då broren til Josè blir fødd; då blir også teikningane lysare og lettare i forma.

Bak i boka får me presentert fakta og ekte bilete frå Brasil, med gode skildringar av korleis dei lever og bur der. Bjørn Sortland brukar eit direkte og enkelt faktaspråk som gjer også denne delen av boka tilgjengeleg for mange av dei yngste lesarane. Visste du til dømes at det bur nesten 40 gonger fleire folk i Brasil enn i Noreg? Eller at ein favela eigentleg er ein slum der det verken er barnehagar, skular eller sjukehus? I boka får me også presentert ein av organisasjonane som hjelper til med å gjere levekåra i favelaen betre.

Judith Sørhus Littlehamar

Møt fjellreven

Av Nina E. Eide, Terje Borg og Camilla Næss
Illustrert av Inger Lise Belsvik
Mangschou 2013



Denne boka gir oss verkeleg det ho lovar i tittelen – nemleg eit møte med fjellreven. I den fargerike biletboka møter me fjellreven gjennom eit heilt år, med alle utfordringar, gleder og farar han møter på. Forfattarane vil gjerne at dei unge lesarane skal få kunnskap om fjellreven, som er ein truga art i norsk natur. Boka er gjeven ut i samarbeid med InterReg-prosjektet Felles Fjellrev og Norsk institutt for naturforskning (NINA).

I boka får du vite korleis fjellreven lever, både om sommaren og vinteren. Visste du at det er så få fjellrevar i fjellet at du er veldig heldig om du ser ein? Eller at raudreven, som me kjenner betre frå låglandet, no trugar fjellreven sitt område?

Me ser korleis dei små kvalpane som kjem til på våren, veks og et seg sterke

gjennom sommaren, før den tøffe vinteren kjem. I boka får du også vite at mange menneske no prøver å hjelpe fjellreven til å overleve. I Oppdal har dei til og med fått sin eigen fjellrevfabrikk, der det blir fødd små fjellrevkvalpar som seinare blir sette ut i naturen.

Boka er todelt. Medan den første delen er ei gripande biletbok med gode og fargerike teikningar av Belsvik, er den andre delen ein faktadel som ein kan bruke som ei oppslagsbok når ein ynskjer svar på gode spørsmål om fjellreven.

Visste du forresten at fjellreven grev ned ekstra mat om sommaren som han luktar seg fram til og grev opp igjen om vinteren?

Judith Sørhus Littlehamar

Bokmeldingar



Papir eller brett?

Eg blir stadig kontakta av barnehagefolk eller foreldre som med vantru og dårleg skjult stoltheit kan fortelje om småbarna sine, gjerne under 1 år, som brukar fingeren til å sjekke ut bøker, magasin, TV-ar eller vindauge, men som forfjamsa snur seg til den vaksne: Det skjer jo ingenting?



© Senter for IKT i utdanningen

Sjølvsagt er digital, kan ein stusse over at det er bøker i papirversjon som får mest merksemd når nye tiltak skal styrkje born si leseevne.

Sjølvsagt skal born lese bøker, og sjølvsagt skal vi lese *saman* med born! Men viss vi verkeleg ønskjer å ta born på alvor og gripe fatt i deira eigen erfaringsbakgrunn, bør vi ikkje utvide det å lese saman eller leike med språk til eit verktøy som dei treng øving og kunnskap på til dei seinare oppgåvene i livet? Det er ingenting i vegegen for å lese ei bok på papir og på brett annankvar gong. For tenk deg sjølv, dersom du må velje anten papir eller det digitale i kvardagen din?

BARBRO HARDERSEN
ER SENIORRÅDGIVER
VED SENTER FOR IKT
I UTDANNINGEN

Stadig fleire vaksne, kanskje særleg nybakte foreldre, oppdagrar at smarttelefonen eller nettbrettet deira helt utilsikta blir favorittleika til borna. På grunn av sin handterlege storleik og enkle trykkeskjermer mar borna respons på eiga utforsking med ein gong! Det motiverer til meir øv og prøv!

Vi meiner det er viktig å styrkje born si leseevne gjennom språkstimulering i dette landet. For oss som har sett magien når born blir motiverte til å samtale og fortelje etter å ha trykt i veg og kome gjennom for eksempel ei digital historie på eit nettbrett, er det naturleg å ønskje meir forskning og satsing på korleis digitale verktøy kan styrkje språkutvikling. Fordi mange nå ikkje lenger snakkar om ein digital barneskultur, men om eit samfunn der alle grupper stort sett omgjev seg med skjermar eller dingsar, og det slik kan hevdast at barneskulturen i seg

Det finst mange gode bøker, både i papirversjon OG i appform. Kva med å spørje borna om likskapar og ulikskapar? Vil ikkje det fremje språkstimulering og refleksjon? Dessutan finst det mange tilleggsaktivitetar for borna på mange appar, noko som gjev ein meirverdi samanlikna med bøkene. Det er dei vaksne sitt ansvar å finne ut kva behov barnet har, og kva som passar best for å møte dette. Vi treng ikkje tenkje anten/eller!

For sjølv om vi lett kan tenkje at 1-åringen er superbrukar på skjermane, og at dei faktisk ikkje kjenner til ei verd utan, handlar det om å ruste kvart enkelt barn med mangfaldige og relevante erfaringar, slik at dei best kan møte framtida. Så kva med *Ja takk, begge delar?*

www.pirion.no

for deg som jobbar med barn

Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

facebook/pirion @avisapirion

PiRion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no